

Høyringsuttale i samband med Lyse kraft DA sin søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk, samt revisjon av konsesjonsvilkår (Røldal-Suldal)

Innleiing

Uregulerbar kraft som sol og vind må balanserast slik kraftproduksjonen i Europa har utvikla seg. Spørsmålet er kor langt ein skal gå for å dekke det umettelege behovet for energi. Og kva skal ein bygge ut etter at pumpekraft har blitt installert i alle norske vasskraftanlegg? Vert Norge, med sin betydelege magasinkapasitet, til eit batteri for Europa? Då kan me hamna i ein situasjon der nasjonal kraftproduksjon vert netto negativ.

Med dei føreslegne planane frå Lyse kraft DA er det tydeleg at viljen til å gjennomføre store omleggingar er betydeleg. Kva blir så neste trekk, vil det koma forslag om å lage dam ved utløpet av Røldalsvatnet? Der er det trongt og bratt, akkurat som i Valldalen. Etterkvart blir det kanskje så få innbyggjarar i Røldal at fordelane med ein slik dam overstig ulempene. Eller kva med pumpekraftverk i Hylene? Då er det endelause mengder (salt)vatn som kan pumpast opp i Suldalsvatnet. Dette kan høyrast søkt ut i dag, men med galopperande energiprisar kan ein vel ikkje utelukka noko.

Den følgande teksten omhandlar i hovudsak anlegga knytt til Røldal.

Lyse strategiar

Lyse kraft DA deler sin hovudstrategi i tre delar: klima, natur og samfunn. Men slik konsesjons- og revisjonsdokumenta er formulert er det tydeleg at dei ikkje legg sjela si i strategiane. Eitt mogleg unnatak er klima, for der er det pengar å tene.

For naturen er hovudproblemet at vatnet i stor grad er borte i dei fleste elvane, og at endringar i vasstanden turrlegg strandsona og fører til svært låg produksjon av virvellause dyr. Røldal tek allereie ein svært stor del av ulempene knytt til vassdragsregulering, og dei seinare åra har det vore kamp om dei små vassdraga. Det har enda med at dei aller fleste vassdrag i området no renn i røyr. Det vert foreslege at det gamle elveløpet (frå Sjøephøl) i Røldal skal opnast når vatnet er på topp. Det forstår ikkje eg skal ha noko positiv effekt for naturen. Sidan elveleiet er tørt resten av året er det ikkje noko produksjon av botndyr her uansett. Det einaste ein kan oppnå er at insekt som svermar om sommaren (t.d. vår-, døgn-, og steinfluger) legg egg sine her – som vil tørke inn og døye til vinteren. Eg er for øvrig einig i at det ikkje bør leggest til rette for meir gyting for auren i Røldalsvatnet. Omgrepet «kvardagsnatur» vert nytta i rapportane, og det var nytt for meg. Hensikten er antakeleg å tone ned betydinga, men så må ein ikkje gløyme at det er kvardagen som påverkar menneska mest.

Av kompensierende tiltak for samfunnet nemner ein ljos langs kanalen i Røldal og støtte til trimrom på Nesflaten, forutan eit båtutsett. Kor mykje Lyse kraft DA og Hydro Energi Røldal-Suldal tener på eit år i Røldal klarte eg ikkje å finne, men støtte til eit trimrom utgjør neppe mange prosent av dette.

Samla sett ser ikkje Hydro-Lyse ut til å vera særleg rause med verken samfunn, fisk eller natur for øvrig, her er det mest fokus på millionane av kroner som kan gå tapt. Tilpassingar og avbøtande tiltak slik det er presentert, er med respekt å melde ein vits. Det er gitt døme på endringar frå tidlegare konsekvensutgreiingar, der ein planla å plassere tiltak på stader med høg verdi. Så viser dei godvilje og får justert bort nokre minusar på indikatoren. Med unntak av deponiet som no er flytt vekk frå ei myr i Valldalen, ser eg ikkje at dei andre tiltaka kostar noko som helst – og skulle difor aldri vore foreslått i det heile. Vidare vert det peika på tiltak som t.d. rydde opp gammalt skrot frå tidlegare anleggsdrift. Dette er sjølvstøtt, og høyrer ikkje til under ei liste over avbøtande/kompenserande tiltak.

Dei tre hovudstrategiane ser difor meir ut som eit spel for galleriet enn omsorg for desse områda. Forventa endra klima vert til og med brukt for å sleppe unna endring av reguleringsregimet i Røldalsvatnet! Dei kan gå med på å sleppe noko meir vatn for storauren i Roaldskvamåna – dersom dei får bygge eit nytt kraftverk. Det er vidare interessant at regulanten meiner regulering av Roaldskvamåna/Nordmorkåa er positivt for storaurebestanden (Konsesjonssøknad s. 95).

Rapportane

Gjennomgåande i rapportane er at ingen miljøforbetrande tiltak kan iverstøttast dersom det fører til nokre liter mindre gjennom turbinane. Vurderingane av kost/nytte ser ut til å krevje svært lite kost og svært mykje nytte. Framtidige klimaendringar vert også lagt mykje vekt på. Ved mange av endringane som følge av planane (til dømes meir usikker is) vert det peika på at klimaendringar vil svekke islegginga uansett. Det er nok rett, men det vert underslått at effektkøyring vil svekke islegginga *ytterlegare*.

Nokre konkrete moment vil eg trekke fram:

- Det vert framheva at kraftproduksjonen aukar med 800 GWh. Som det også vert opplyst om, er dette bruttoproduksjon. Nettoproduksjon vert det sagt lite om, for den vert negativ dersom tiltaket vert gjennomført (119 GWh i året mindre, Konsesjonssøknad Tab. 3-1). Den opphavlege hensikta med vasskraftproduksjon vert difor snudd på hovudet, fordi ein skal bruke store mengder straum for å pumpe vatnet oppover. Økonomisk gir det likevel meining for konsesjonæren, men for kommunane vil eg trekke fram denne:
https://www.nrk.no/vestland/_komiske-skattereglar_-gjer-at-kommunar-taper-pengar-pa-grone-batteri-1.15799230.
- Lyse Kraft DA hevdar at «det vil være små naturinngrep for øvrig» og steindeponi med plastavfall vert bagatellisert. At stein kan vera ein ressurs er rett, men i slike mengder vert det meir som ein byrde enn ressurs. Ikkje gløym at i same dalføret

skal det deponerast store mengder stein frå nye tunellar for E-134 – oppå deponiet frå det nyleg igangsette Tufteelva kraftverk. Eg ser heller ikkje noko forslag til løysing på plastavfallet frå skytetråd og detonatorar (ref. <https://www.nrk.no/rogaland/rosa-spreng-plastklips-fra-rogfast-funnet-fra-stavanger-til-haugesund-1.16616555>)

- Overføring av vatn til nye vassdrag kan overføre organismar til stader dei ikkje høyrer heime i. Korleis skal ein hindre at ørekyt vert overført frå votna til Storelva og Røldalsvatnet? Pumping oppstrøms opnar nye problemstillingar og endring av vasskjemi må utgreiast nærare
- Det vert oppfatta som eit problem at energiprisen stundom er nær null, og dette vil Hydro-Lyse få ein slutt på. «Utjamning» fryktar eg i hovudsak vert å kvitte seg med botnane i den varierende energiprisen, toppane vil nok bestå
- Nakne strandsoner langs Røldalsvatnet er i følge Lyse kraft DA ikkje noko problem om vinteren fordi snøen dekkar det til. Vel snøar det mykje i Røldal, men når vatnet går opp og ned nesten ein meter i døgeret vil strandsona forbli naken med mindre snøen lavar ned kontinuerleg
- Ni feltdagar er brukt 8 (s. 19 i Naturrapporten) for å kartlegge naturverdiar i eit prosjekt som omfattar eit nedbørfelt på 790 km² og der ein no skal investere 7,6 milliardar kroner. Meiner de verkeleg at det er nok? Beveren i Storelva (som dei ikkje fann) tykkjer nok ikkje det

Avbøtande tiltak Lyse kraft DA må sjå nærare på, til trass for at det medfører produksjonstap:

- Færre spyleflommar i Storelva er ikkje bra, og den er allereie i dag påverka av tråd-algar særleg i nedre deler. Her må ein vurdere moglegheitene for årviss spyling
- Minstevassføring i Risbuelva vil kunne bidra positivt til vassføringa i Storelva. At 850 m av elva er lite synleg spelar ingen rolle, då det primært er ikkje-menneskelege organismar som skal bruke vatnet

Avslutning

Etterkvart har eg lese mange konsekvensutgreiingar om vasskraft i område rundt Røldal. Langt dei fleste konkluderer med «middels negativ konsekvens» på dei fleste indikatorane. Dette er farleg i det lange løp, fordi ein til slutt har øydelt alt. Røldølene har venta lenge på heimfall og revidering av konsesjonane. Det har heile tida vore omkvedet at utbygging slik det blei gjort på 60-talet aldri ville vore tillete i dag. Men no står me der. Lite og ingenting skal gjerast med det gamle reguleringsregimet, men me får effektkøyring og store daglege endringar i vasstanden. Då kan ein trygt seie at Lyse kraft DA verkeleg må legge seg i selen og tilby meir enn knappar og glansbilete for at naturen og lokalbefolkninga skal velsigne dette.

Helsing

Arve Lynghammar

Biolog, mellombels utflytt frå Røldal og busett i Tromsø